



Nyhendebrev nr. 11, 17. mars 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Helga Synnevåg Løvoll har vorte professor

Helga Synnevåg Løvoll, Avdeling for kulturfag, har vorte tilkjent professorkompetanse i friluftsliv og fått personleg opprykk. Løvoll disputerte i 2016 ved Universitetet i Bergen, psykologisk fakultet, på ei avhandling om korleis folk opplever utandørsaktivitetar.

[LES MEIR](#)



Billigst i Volda

Sindre Rabbel Tronstad er 23 år og bor i Volda. Der studerer han til å bli grunnskolelærer.

– Jeg betaler 4500 kroner i måneden og bor på 150 kvadratmeter med tre a soverommet mitt er på 18 kvadratmeter. Det er nesten for stort for min del,

Billegast å bu i Volda for studentar

Avisa VG har presentert tal for kva det kostar for studentar å bu på ulike studiestader, og resultatet er at det er billegast å bu i Volda. I en undersøkelse utført på vegne av [Norsk studentorganisasjon \(NSO\)](#) viser at det er klart billigst å være student i Volda. Leieprisene her er billigere enn noe annet sted i landet (...), skriv VG. [VG har intervjuet voldastudent Sindre Rabbel Tronstad](#) som fortel at han lever heilt greitt i Volda berre på studielån, og har både god plass og god utsikt attpå. "– Jeg har det fint, og har mer en nok igjen av studiestøtten i slutten av måneden. Jeg misunner på ingen måte de som studerer i storbyen. Det blir med en gang veldig dyrt.", seier GLU-student Rabbel til VG.

[LES MEIR](#)



Barne- og familieministeren til Høgskulen i Volda i dag

Barne- og familieminister Kjersti Toppe kjem i dag 17. mars til Høgskulen i Volda. Ho skal møte tilsette og studentar for å få informasjon blant anna om arbeidet med mastergrad i barnevernsarbeid og vil også møte fagmiljøet på Institutt for religion og livssyn. I sitt følgje har ho blant anna med seg politisk rådgivar Per Ivar Lied frå Ørsta.

[LES MEIR](#)



Tre framlegg til utbygging av "Aasen-kvartalet"

Ivar Aasen-huset står for fall i 2023, men det vil i staden kome fleire nye hus. Og no har tre arkitektkontor kome med framlegg til korleis utbygginga kan skje. Det er selskapet Volda Utvikling AS som eig tomta som Ivar Aasen-huset står på og som skal bestemme korleis området skal byggast ut. Volda Utvikling AS er eigd av Volda kommune. Dagens Ivar Aasen-huset er ca. 2.500 kvadratmeter stort, men første byggesteg i det nye "Aasen-kvartalet" blir på ca. 10.000 m² og kanskje over 30.000 m² når alt står ferdig.

[Les meir om planane og sjå framlegga på nettsida til Volda kommune.](#)

[LES MEIR](#)

Studium og studentliv:

Menyen i kantina neste veke

Middagen i kantina har sine faste haldepunkt med pokebowl på onsdag, potetball torsdag og taco på fredag. Men her er resten av menyen:

Måndag: Linsegryte med grønnsaker/gulrot- og søtpotetsuppe

Tysdag: Bacalao med focaccia/purre- og brokkolisuppe

Onsdag: Pigwings med potetmos, rotgrønnsaker og rødvinsaus/jordskokksuppe

Torsdag: Potetball med tilbehør/aspargessuppe

Fredag: Tacobuffet

Alle middagar kostar kr 14,90 pr. hg. Supper kostar kr 35,-.

[Lenke til Sivolda og kantina sine nettsider.](#)

Styre og stell

NM i volleyball i Volda: Parkeringsplassane ved VCA er stengt 1.-3. april

KFUM Volda arrangerer NM i volleyball for 15-åringar 1.-3. april 2022 i Volda Campus Sparebank1 Arena. I samband med turneringa vert parkeringsplassane i parkeringskjellaren og ved VCA reserverte for arrangøren og er ikkje tilgjengelege for HVO-tilsette og studenter. Dette vil bli skilta/markert. Les meir om arrangementet på denne nettsida: <https://www.nm2022.no/>

Fag og forsking

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på www.hivolda.no.

Biblioteksjef Mariann Schjeide: "Tilbake der alt byrja"

Høgskulen i Volda har fått ny biblioteksjef, og Nærnett har intervjuat Mariann Schjeide, som no er tilbake i Volda, der ho som 20-åring tok til som student - og møtte nynorsken på ein ny måte. [Les intervjuet på Nærnett.](#)

Publisering: Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Ragnhild Fauske: Barn om gravplassar: Gravsteinar, zombiar og døde slektingar

[Førstelektor Ragnhild Fauske](#), AHL, har publisert artikkelen "[Gravestones, zombies and dead siblings: graveyards as artefacts for children's existential questions](#)" i tidsskriftet European Early Childhood Education Research Journal, som er eit tidsskrift på nivå 2.

Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

Nominer kandidatar til FoU-prisen innan 12. mai

Fram til 12. mai kan tilsette og studentar ved HVO nominere kandidatar til FOU-prisen for 2022. Prisen blir tildelt av høgskulestyret, og blir delt ut på Forskingdagane 23. september 2022. Her er [informasjon om prisen, retningslinjer for tildeling og tidlegare prisvinnarar.](#)

Mentorordning mot toppkompetanse - søknadsfrist 17. mars

Eit tiltak i [Kvinneøftet](#) er ei mentorordning for førsteamanuensar og førstelektorar som jobbar mot opprykk til professor eller dosent. I fjar ble det inkludert 14 kandidatar, 9 kvinner og 5 menn. No er det tid for nye kandidatar å söke seg til ordninga. **Søknadsfrist: 17.mars.** Lenke til søknadsskjema: <https://nettskjema.no/a/252195>

Meir om ordninga: <https://www.hivolda.no/forsking-og-utvikling-0/stotteordningar/faglege-opprykk/mentorordning-mot-toppkompetanse>

Forskningsutvalet: Ny utlysing av såkornmidlar - frist 16. mai

Forskningsutvalet tildelte på møtet 17. februar såkornmidlar for 2022 på ca. Halvparten av det budsjetterte beløpet på kr 900.000. Forskningsutvalet vedtok å lyse ut midlane på nytt med

søknadsfrist 16. mai og tildeling 2. juni. Midlane må brukast i 2022. [Les meir om såkornmidlar og søknadsskjema](#).

11 millionar å hente frå Regionalt Forskningsfond for Møre og Romsdal

Regionalt Forskningsfond for Møre og Romsdal har tilgjengeleg midlar som forskrarar ved Høgskulen i Volda kan søke på. Den største ordninga er kalla [Kvalifiseringsprosjekt](#) som har som formål å "Styrke forsknings og innovasjonsevnen til næringsliv og kommunal sektor i Møre og Romsdal, og bygge relevant kunnskap hos FoU-miljøa". Søknadsfristen er løpende og det er 10,5 mill tilgjengeleg. Ei anna ordning under RFF er kalla [KSP \(Kompetanse- og samarbeidsprosjekt\)](#) og her er det tilgjengeleg kr 750.000 og det er også løpende søknadsfrist. [Seniorrådgivar Bjørn Tafjord](#), ASH, kan svare på spørsmål om ordningane.

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

Ledig stilling som senterleiar for Nynorsksenteret - søknadsfrist 24. mars 2022 (forlenga frist)

Nynorsksenteret ser etter ein inkluderande leiar med engasjement, gode samarbeidsevner og evne til strategisk tenking. Vi ynskjer oss ein leiar med leiarerfaring, som kan drive internt utviklingsarbeid og bygge ein lærande organisasjon. Leiaren har personalansvar og budsjettansvar. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

Studiekonsulent ved Avdeling for samfunnsfag og historie - søknadsfrist 29. mars

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for samfunnsfag og historie er det frå 1. august 2022 ledig 100 % fast stilling som studiekonsulent. Stillinga er i avdelingsadministrasjonen, med administrasjonssjef som nærmeste overordna. Den som vert tilsett vil også samarbeide tett med fagtilsette og studieadministrasjonen ved høgskulen. [Les meir om stillinga på nettsidene våre.](#)

Høgskulektor i design, kunst og handverk - for bidrags og oppdragsmarknaden - sønadsfrist 30. mars

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for kulturfag, er det ledig 100% fast stilling som høgskulektor i design, kunst og handverk retta mot bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA-aktivitet). Dersom det ikkje melder seg søker som innfrir krava til tilsetjing som høgskulektor, vil det vere aktuelt å

tilsetje ein høgskulelærar som kan dokumentere opptak og normert progresjon på ei relevant mastergrad. [Les meir om stillinga på nettsidene våre.](#)

Førsteamanuensis i film- og animasjon - søknadsfrist 4. april

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for mediefag, har vi ledig ein 100% fast stilling som førsteamanuensis ved Institutt for film og animasjon, frå 1.12.2022. Oppstart kan justerast etter avtale. Stillinga gjeld undervisning i film- og animasjonsvitenskap og rettleiing av praktiske og vitskapelege oppgåver. [Les meir om stillinga på nettsidene våre.](#)

Ledig stilling som professor/dosent/førsteamanuensis/førstelektor i leiing - søknadsfrist 20. april 2022

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for samfunnsfag og historie, er det ledig fast stilling som professor/dosent/førsteamanuensis/førstelektor i leiing, med planlagt tilsetjing frå 1. august 2022. Stillinga er ved Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS), og primært ved programma Bachelor i planlegging og administrasjon og Master i samfunnsplanlegging og leiing. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

Stipendiatstillingar i barnevernsarbeid - søknadsfrist 1. juni 2022

Høgskulen i Volda søker etter stipendiatar ved Avdeling for Samfunnsfag og historie, Institutt for sosialfag (ISF). Vi ønsker søkerarar som har relevante forskingsprosjekt på området barnevern/barnevernsarbeid, gjerne med problemstillingar innanfor: Minoritetsarbeid, tverrprofesjonelt/tverretatlag samarbeid (barnevern-barnehage-skule-PPT-Bup), arbeid med barn og familiar, juridiske problemstillingar med relevans for barnevernsarbeid.

[Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)



Kultur

Idrett

Idrett, musikk, teater m.v. i Volda og Ørsta. Kampar til VSI (Volda Studentidrettslag), handball og volleyball.

Kinoprogrammet: [Volda filmteater](#) | [Ørsta kino](#) | [Hjørundfjord filmteater](#) (filmklubb)
Arrangement på [Tikkio Volda](#) | [Tikkio Ørsta](#) | [Ticketmaster Volda](#) | [Ticketmaster Ørsta](#)

- 17.03.2022: [Adam Douglas](#), Ørsta kulturhus
- 18.03.2022: [Maridalen trio](#), Sæbø Dampskipsekspedisjon
- 19.03.2022: Fotball, menn: [NM-kamp: Hovdebygda-Volda](#), Hovdebygda Stadion
- 19.03.2022: [Follestaddal Hornmusikk - musikk frå James Bond](#), Ørsta kulturhus
- 19.03.2022: Handball, menn: [Ørsta - Orkanger](#), Ørstahallen
- 20.03.2022: [1816 i Gamle skrivargården](#), Volda
- 20.03.2022: [Symfoniorkesteret](#), Fosnavåg konserthus
- 22.03.2022: [Lunsj-konsert](#), Tredet
- 22.03.2022: [Ragnar-Liaskar-Kviss](#), Tredet
- 24.03.2022: [Funkups](#), Tredet
- 24.03.2022: [Grand Prix Ørsta Ungdomsskule](#), Ørstahallen
- 24.03.2022: [Skambankt // Ti for alt -2022](#), Rokken
- 24.03.2022: [Konsert og bokslepp med Stig Ulv](#), Ørsta kulturhus
- 26.03.2022: [Haugtussa](#), Aasentunet

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

- 17.-18.3.2022: Studietur for rektors leiargruppe - UiB og HVL
- 24.3.2022: [Nettverkstreff: Nettverk for kvinner innan forskning ved HVO](#)
- 24.-25.3.2022: Avd.seminar ASH
- 31.3. - 1.4. 2022: [Jubileumsmarkering: Sosialfag 50 år](#)
- 8.4.2022: Disputas, [Bjørn Kjetil Larsen](#), Høgskulen i Volda
- 19.-20.4.2022: Personalseminar AKF
- 20.4.2022: [Utdanningsutvalet](#)
- 21.4.2022: [Forskningsutvalet](#)
- 22.4.2022: [50-års jubileum for Avdeling for mediefag](#)
- 25.4.2022: [The Northwest](#), Ålesund
- 4.-8.5.2022: [European Conference on Science and Theology \(ECST XIX\)](#) (Ålesund)
- 5.5.2022: [Høgskulestyret](#)

17.5.2022: 17.mai-feiring. Faneberar: AKF
1.6.2022: [Utdanningsutvalet](#)
2.6.2022: [Forskningsutvalet](#)
2. - 3.6.2022: Avdelingsseminar AMF
16.6.2022: [Høgskulestyret](#)
16.-17.6.2022: [Fjordkonferansen 2022](#), Loen
9.6.2022: Sommaravslutning AKF
20.6.2022: Sommaravslutning ASH
22.6.2022: Sommaravslutning AMF
16.8.2022: [Studiestart studieåret 2022-2023](#)
16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA
<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Opning av opprykksseminar, 8. mars 2022](#)
[Orientering til høgskulestyret, møte 3. mars 2022](#) (3.3.2022)
[People of Ukraine: We support you](#) (26.02.2022)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)
[Twitter](#)
[Instagram](#)
[Youtube](#)
[HVO-bloggar](#)
[Nynorskenterets blogg](#).
[Løpende oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)
[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)
[Nærsynet](#)
[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](#)
E-post: [postmottak@hivolda.no](#)
[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)
[Meld deg av e-postlista](#)